

Lesekroken: Ulike måtar å forklare ord på

I artikkelen "Menneskets eldste venn" er nokre omgrep framheva og forklarte. Her får du tips til korleis du kan la elevane jobbe med ordforklaringar.

Nysgjerrigper-bladet 4-2020 med tilhørende oppgaver mot turkis bakgrunn

Teksten om hunder er fra Nysgjerrigper nr. 4-2020.

Last ned materialet til utskrift:

- [Lærarrettleiing og oppgåver \(PDF\)](#)
- [Artikkelen "Menneskets eldste venn?"](#)

Lærarrettleiing

I artikkelen "Menneskets eldste venn?" er tre omgrep framheva og forklarte i teksten. Desse står i sirklar på turkis bakgrunn. Dei tre omgrepa er *arktiske strøk*, *Sibir* og *kryssavl*. Alle tre er sentrale for å få med seg innhaldet i artikkelen. Det er fleire måtar å forklare ord på. I desse døma er det gjort på tre forskjellige måtar.

1: Definisjon med forklaringar

I beskrivinga av omgrepet arktiske strøk står det fyrst område langt nord i verda, rundt Nordpolen. Her er arktisk forklart med langt nord i verda, rundt Nordpolen.

arktisk = langt nord i verda, rundt Nordpolen

Strøk er forklart med eit synonym, eit ord som tyder omtrent det same, *område*

strøk = område

2: Synonym på heile omgrepet

I framhaldet av forklaringa står også kalla Arktis. Arktiske strøk er det same som Arktis (noko ein høyrer av at orda er nesten like)

arktiske strøk = Arktis

3: Skrive ei setning med omgrepet

I beskriving av *Sibir* står det i den andre setninga: *Dei nordlegaste delane av Sibir ligg i arktiske strøk*. Her nyttar ein ordet *Sibir* i ei setning der tydinga også kjem godt fram. Det er ein god måte å syne kva ordet tyder.

Jobb saman i klassen med den fyrste ordforklaringa, med *arktiske strøk*. Prøv å jobbe utforskande med at elevane sjølve skal sjå korleis ordet er forklart. Ikkje gje dei svaret med ein gong. Sjå deretter på *Sibir*. Kjenner dei igjen noko frå korleis det fyrste omgrepet blei forklart?

La elevane jobbe saman i grupper med den siste ordforklaringa, med ordet *kryssavl*. Korleis er ordet forklart her, med måte ein, to eller tre?

Svar:

1: Kryssavl = det å la to ulike rasar få ungar saman (i håp om at avkommet skal arve ulike gode eigenskapar frå foreldra). På førehand veit vi at *avl* = å få ungar saman, og å krysse er å pare to ulike rasar, altså er *kryss* = to ulike rasar. Siste del av setninga er ei grunngjeving for kryssavl.

3: Siste setning, **Gjennom kryssavl av hundar kan ein skape heilt nye hunderasar**, er eit døme på ei god setning der ein nyttar orde kryssavl. Ho inneheld ikkje ei forklaring.

Oppgåver til elevane

1. Kva for jobbar kan hundar gjere?

Jobb saman.

a. Kva for type jobbar kan hundar gjere? Lag ei liste.

Eksempel: Sporhund

b. Skriv etter kvar type jobb kvifor hundar er gode til denne typen jobb.

Eksempel: Ein sporhund er god til å kjenne igjen lukter.

2. Korleis er ordet forklart?

Jobb saman.

a. Les forklaringa på kva kryssavl er.

b. Korleis er ordet forklart? Har dei nytta definisjon med forklaringar, synonym eller skrive ei setning med ordet? Grunngje svaret.

c. Forklar kryssavl sjølv med å skrive ei ny setning der de nyttar ordet.

3. Detektivlesing

a. Korleis ser ein slede ut?

b. Kva for kjenneteikn har trekkhundar?

c. Kva er beviset for at menneske har hatt trekkhundar mykje lenger enn 3000 år?

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.